


Varmeenergi




Berøring

Varm gass eller
varm væske som
bevegar seg

Varme, usynlege
strålar





Varmeenergi

Vi har tre ulike måtar varmeenergi blir overført på. Du skal no lære om desse tre ulike måtane, som blir kalla **KONDUKSJON**, **KONVEKSJON** og **STRÅLING**.

Konduksjon – berøring



Konduksjon handlar om korleis varme spreier seg når ting rører kvarandre, til dømes når du rører ein varm tekopp og blir varm på fingrane.

Konveksjon – luft eller væske som bevegar seg




Konveksjon handlar om varme som spreier og bevegar seg gjennom lufta eller i væske.

Stråling – usynlege strålar




Stråling handlar om varme som spreier seg gjennom usynlege strålar.



Varmeenergi

Vi har tre ulike måtar varmeenergi blir overført på. Du skal no lære om desse tre ulike måtane, som blir kalla **KONDUKSJON**, **KONVEKSJON** og **STRÅLING**.

Konduksjon – berøring



Konduksjon handlar om korleis varme spreier seg når ting rører kvarandre. Når du til dømes rører ein varm tekopp, blir varmeenergien overført frå den varme koppen til hendene dine. Ei varm kokeplate overfører varmeenergi til ei gryte med kald suppe, og varmar opp suppa. Dette er konduksjon – varmen blir overført frå noko som er varmt, til noko som er kaldt, når dei er i kontakt med kvarandre.

Konveksjon – luft eller væske som bevegar seg




Konveksjon handlar om korleis varme spreier seg gjennom lufta, eller om væske som bevegar seg. Varmeomnar i huset varmar opp lufta rundt seg. Den varme lufta stig oppover og spreier seg ut i rommet. Når den varme lufta bevegar seg, tek ho med seg varmen og gjer rommet varmt. Ute i skogen kan du varme opp vatn i ein kaffikjele som heng over eit bål. Varmeenergien frå bålet varmar opp lufta som stig opp og treffer det kalde vatnet i kaffikjelen. Dette er konveksjon – varmen spreier seg gjennom rørsle av gass eller væske.

Stråling – usynlege strålar



Stråling handlar om korleis varme spreier seg gjennom usynlege strålar. Sola sender ut varme strålar som treffer jorda. Når strålane treffer deg, kjennest det varmt på huda di. Det er fordi varmen frå sola blir overført til deg gjennom strålane. Du har kanskje også varma hendene dine ved eit bål. Varmen stråler ut frå bålet. Du kjenner godt korleis dei usynlege strålane varmar fingrane dine.



Varmeenergi rundt oss

Teikn d me fr  livet ditt som viser varmeenergi.

KONDUKSJON




STR LING



KONVEKSJON





Kva kan du om varmeenergi?

I kva situasjonar i dagleglivet møter du på varmeenergi?
Skriv og teikn minst fem ulike måtar:

KONDUKSJON




STRÅLING



KONVEKSJON





Finn svaret

Å varme hendene sine ved ein god, varm peis på hytta er døme på:

.....

Å springe berrføtt på gloheit asphalt og brenne seg er døme på:

.....

Å føne håret med ein fönar er døme på:

.....

Å fryse og byrje å skjelve når du badar i sjøen, er døme på:

.....

Når du held ein isbit i handa og han smeltar, er dette eit døme på:

.....

Når du blæs på varm mat for å kjøle han ned, er dette døme på:

.....

Ei metallskei i suppa blir varm. Dette er døme på:

.....

Maten i mikrobølgeomnen blir varm. Dette er døme på:

.....